

Bergen 13. november 2024

Askøy kommune

Merknader til Kommuneplanens arealdel 2024-2036

Merknader gjeld KILDN NULLUTSLIPPSHAVN, Askøy kommune, gnr./bnr. 12/1767

Næringsalliansen Vestland viser til Kommuneplanens arealdel 2024-2036, som er sendt på høyring. Vi vil knytte nokre merknader til omtalen av hamneformål under kapittel 3.4 Næringsstruktur i planutkastet.

I Eidsvika sørvest på Askøy er det gjort framlegg om utvikling av ei regional nullutsleppshamn for sjøgåande passasjertrafikk og ein arena for forskning og grøn hamneutvikling. Innspelet legg opp til snuhamn og omstigingshamn for passasjerar på lokal, regional, nasjonal og internasjonal kysttrafikk. Dette let seg finansiere utan offentleg medverknad gjennom prosjektet Kildn. Eit viktig element i planane er etableringa av Fjordmetroen, der utsleppsfrie snøggbåtar skal inngå i eit omfattande rutenett, i første omgang for bergensregionen og etter kvart for heile Vestland.


Næringsalliansen Vestland er positiv til planen om å opprette ein Fjordmetro.

Vestland fylke er samansett av 43 kommunar, og alle har tilgang til sjø. Likevel er det berre 1,9 prosent av kollektivtrafikken i fylket som vert utført med båt.

Tiltaket samsvarar godt med styremaktene sitt mål om å få ein større del av transporten i Noreg overført fra land til sjø, der kaiene alt ligg tilgjengeleg.


Fjordmetroen vil medverke til å auke mobiliteten i fylket og gjere det meir attraktivt å bu i distrikta. Ettersom Fjordmetroen også skal spele ei rolle innan reiseliv, vil det medføre ein auke i talet på turistar gjennom heile året og ei betre fordeling til heile regionen. Vi viser i denne samanhengen óg til *Regionalt vegkart for reiseliv i bergensregionen 2024-2030*, utarbeidd av Visit Bergen.

Beste helsing



Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

espen@bergen-chamber.no



Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 17 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.

